

Arbeiderpartiet i Møre og Romsdals vedtak på årsmøtet 2019.

Hovuduttale: *Eit helsevesen i verdsklasse*

Målet for Arbeidarpartiet sin helsepolitikk er god helse og livskvalitet for alle. Det må bety god behandling når ein blir sjuk, men òg å kunne meistre livet viss ein må leve med sjukdom og helseplagar. For Møre og Romsdal Arbeidarparti er det avgjerande at tilgangen til helsetenester skal vere likeverdige over heile fylket og heile landet, og ikkje vere avhengig av den einskilde si lommebok.

Snart 6 år med høgreregjering har ikkje ført til den nødvendige styrkinga av vårt felles helsevesen, tvert om er det ei rekkje teikn på at utviklinga går i feil retning. Møre og Romsdal Arbeidarparti vil særleg peike på tre område der det er behov for ein meir sosialdemokratisk politikk og å rydde opp i regjeringa sine feilprioriteringar:

1. Helsetenestene i kommunane
2. Privatisering og todelinga av helsevesenet
3. Underfinansieringa og styringa av sjukehusa

1 Betre kommuneøkonomi gir betre velferd

Av dei mange viktige oppgåvane kommunane har, er det å ta vare på innbyggjarane si helse ei av dei aller viktigaste. Mange av tenestene kommunane tilbyd er lovpålagde, og skal kommunane ha ei reell moglegheit til å oppfylle stadig større krav og forpliktingar, må kommuneøkonomien betrast.

Dagens regjering har til dømes svekka inntektsgrunnlaget til mange kommunar gjennom endringar i eigedomsskatten. I tillegg er det gjennom fleire år levert kommuneopplegg som i beste fall bidreg til nullvekst i kommunesektoren. Møre og Romsdal Arbeidarparti meiner det er behov for eit betydeleg løft i kommuneøkonomien, for å kunne gje innbyggjarane betre tenester og legge til rette for vekst og velferd i heile landet. Dersom Arbeidarpartiet sitt alternative budsjett hadde fått fleirtal i Stortinget, ville kommune-Noreg hatt 3,5 milliardar kroner meir til tenesteproduksjon. Med ein betre kommuneøkonomi, vil Møre og Romsdal Arbeidarparti prioritere følgjande tiltak:

1.1 Eit folkehelseløft

Vi har alle eit ansvar for eiga helse, men som fellesskap har vi ansvar for alle si helse. Viss sunne vanar blir etablert tidleg, er det større sjanse for at dei vert vidareførte vidare i livet.

Møre og Romsdal Arbeidarparti vil arbeide for:

- Ein times fysisk aktivitet kvar dag i skulen
- Frukt og grønt i ungdomsskulen
- At alle elevar i grunnskulen får tilbod om eit enkelt skulemåltid
- Betre tilrettelegging for friluftsliv og lågterskel fysisk aktivitet i kommunane
- At den neste store helsereforma til Arbeidarpartiet skal vere at tannhelsetenester blir gratis på same måte som øvrige helsetenester

1.2 Ei satsing på livskvalitet for eldre

Noreg er ei befolkning i vekst, men gjennomsnittsalderen aukar. Dette gir òg utslag i Møre og Romsdal, som særleg utanfor bykommunane har relativt høg, og aukande, del av befolkninga som er over pensjonsalderen. Framover vil fleire kome til å trenge hjelp, fleire pasientar vil ha samansette sjukdommar som krev avansert behandling over tid.

Regjeringa har oppretta ein eldreminister, og lagt fram eldrereforma «Leve hele livet». Dette er i utgangspunktet gode initiativ, men dei blir ikkje følgde opp i kroner og øre.

I dag må altfor mange vente på sjukeheimspllass, og kvaliteten i tenestene varierer for mykje mellom kommunane. Derfor vil vi ha klare mål for kvalitet, ei meir målretta finansiering og eit betydeleg statleg bidrag for å ruste opp tilboden til eldre over heile landet. Tilsette som skal gi hjelp og omsorg, må ha tid nok. Framover må kommunane ha tilstrekkeleg bemanning, meir variert kompetanse og betre organisering av tenestene.

Møre og Romsdal Arbeidarparti vil arbeide for:

- At alle kommunar investerer meir i helseteknologi, og får støtte til å prøve ut nye og innovative løysingar
- Modernisering av eldreomsorga, gjennom til dømes utvikling av alternative buformer til institusjon. Eldre skal få vere sjef i eige liv, og ha høve til sosialt liv og kontakt med andre.
- Ei satsing på heimebaserte tenester, hjelpemiddel og velferdsteknologi som kan gjere det mogleg for fleire som ønskjer det, å bu heime så lenge som råd
- At dei tilsette i eldreomsorga skal vere personell i heile, faste stillingar med tariffbaserte løns- og arbeidsvilkår
- At dei som jobbar innan helse og omsorg, har gode nok norskunnskapar
- Auka støtte til rehabilitering og nybygg av sjukeheimar og omsorgsbustadar
- Tilstrekkeleg med sjukeheimsplassar og heildøgns omsorgsplassar for dei som treng det
- Betre ernæring hjå eldre på sjukeheim og i heimetenesta
- Å motverke einsemd og styrke det psykiske helsetilbodet for eldre
- Betre kulturtilbod for eldre, og støtte opp under den viktige innsatsen til dei frivillige organisasjonane i eldreomsorga
- Å byggje ut ei god demensomsorg med større vekt på fysisk og kognitiv trening og støtte til pårørande
- Etablering av eit samarbeid mellom eldreomsorgstenestene og ungdomsskulane i kommunane
- Etablere studentbustadar i tilknyting til sjukeheims- eller og omsorgsbustadar, der studentar kan bu rimeleg mot å delta i til dømes sosiale aktivitetar med bebruarane

1.3 Rydde opp i fastlegekrisa

Fastlegeordninga er i dag i krise, ei krise som er varsle. Nye krav og endra preferansar blant nyuttanna legar har bidrege til ei rekrutteringstørke. Dette merker vi òg i Møre og Romsdal, særleg utanfor bykommunane. Legane har lenge åtvara mot utviklinga, og det er behov for politiske tiltak.

Fastlegeordninga er grunnmuren i vår felles helseteneste. Demografiske endringar med fleire eldre, der fleire vil bu heime, med samansette sjukdomsbilete, krev at fastlegane har tid og kompetanse til

å følgje opp eldre pasientar. I tillegg skriv sjukehusa ut pasientar tidlegare, og stadig meir av behandlinga skjer utanfor sjukehuset. Då må vi ha fastlegar til å følgje opp folk.

Møre og Romsdal Arbeidarparti vil arbeide for:

- Fleire turnuslegar til Møre og Romsdal
- At kommunane kan knyte til seg fleire allmennlegar i spesialisering
- Kompetanseheving blant eksisterande fastlegar utan spesialisering i allmennmedisin
- Ein langsigtig plan for rekruttering av fastlegar til distrikta

1.4 Krafttak for psykisk helse

Det er all grunn til å vere optimistisk på vegne av norsk ungdom. Tala viser nedgang i bruk av rusmidlar, tobakk og alkohol, og vi ser mindre vald og kriminalitet blant ungdomsskuleelevar. Forholdet til foreldra er jamt over svært godt.

Samtidig veit vi at fleire og fleire unge opplever psykiske helseplagar, som i aukande grad er årsak til fråfall i skulen og arbeidslivet. Derfor er det nødvendig med gode førebyggjande tenester, tett samarbeid med frivillige organisasjonar, og tilgjengelege offentlege hjelpestilbod, som kan brukast uavhengig av foreldra sine ressursar og kvar i landet ein bur.

Møre og Romsdal Arbeidarparti vil arbeide for:

- At skulehelsetenesta skal vere tilgjengeleg kvar dag
- Å tilsette fleire helsesjukepleiarar og utvikling av digital ungdomshelseteneste
- Å utvikle nye tiltak mot mobbing, herunder elektroniske varslingskanalar av typen «Mobbeknappen»
- Gjere fastlege og legevakt gratis for alle under 20 år
- At alle kommunar skal ha lågterskel psykisk helsetilbod
- At alle kommunar skal jobbe systematisk mot vald og overgrep i nære relasjonar

2 Nei til privatisering av velferda

Etterspurnaden etter helsetenester veks, medan tilgangen på helsepersonell bremsar opp. Vi må i fellesskap finne gode løysingar som møter mangelen på personell, samtidig som tilbodet til pasientane blir ivareteke. Då er ikkje løysinga meir privatisering.

Møre og Romsdal Arbeidarparti er uroa over at kommersielle krefter stadig overtek behandling som fellesskapet sine sjukehus kunne gjort rimelegare. Vi meiner det skjer ei snikprivatisering av helse- og omsorgstenestene i Noreg. For det første gjennom kronisk underfinansiering, av regjeringa, som ikkje ønskjer å betale det vår felles helseteneste kostar. I staden vert det innført flate, uprioriterte ostehøvelkutt i milliardklassa gjennom den såkalla ABE-reforma. Dette går ut over tenestene det offentlege kan levere.

For det andre etablerer regjeringa sugerør inn i helsebudsjetta. Helseføretaka blir forplikta til å kjøpe private tenester fordi dei sjølve ikkje har kapasitet. Endå lenger har regjeringa gått med reforma «fritt behandlingsval», etter Møre og Romsdal Arbeidarparti si meining ei reform som ikkje yt noko ekstra til pasientane utover det dei allereie har rett på i det offentlege, men som gjev moglegheita til å velje private aktørar på fellesskapet si rekning.

Resultatet blir ei todeling av helsetenesta, der private aktørar etter kvart sit på den beste kompetansen, og kan prioritere pasientar med betalingsevne. Ei slik utvikling vil Møre og Romsdal Arbeidarparti kjempe mot.

Møre og Romsdal Arbeidarparti vil arbeide for:

- At det offentlege skal behalde kontrollen over velferdstenestene
- Å hindre profitt i velferda
- Ei avvikling av ordninga med nøytral meirverdiavgift i helseføretaka, fordi dette bidreg til privatisering og dermed fragmentering av sentrale sjukehusnester
- Ei avvikling av privatiseringsreforma «Fritt behandlingsvalg»

3 Eit løft for spesialisthelsetenesta

Våre offentlege, felles sjukehus er eitt av fundamenta for velferdsstaten. Dei siste åra har denne sektoren vore kraftig underfinansiert. Sjølv om løyingane aukar, held dei knapt følgje med utviklinga i befolkninga. I statsbudsjettet for 2019 er det lagt opp til ein vekst på berre 1,7 %, mesteparten av dette blir spist opp av den demografiske utviklinga. Kombinert med nye oppgåver, som fritt behandlingsvalg og finansiering av nye legemiddel, kan vi i realiteten snakke om eit budsjett som underfinansierer sjukehusa våre.

Pasientane vil oppleve eit dårlegare tilbod, i form av blant anna dårlegare fødetilbod og at folk blir sende heim for tidleg. I Møre og Romsdal førebud helseføretaket store og omfattande kutt i helsetenestene og tilboden til pasientane i fylket. Dette kan ikkje Møre og Romsdal Arbeidarparti akseptere.

Møre og Romsdal Arbeidarparti vil arbeide for:

- Minst 3 milliardar kroner meir i året til sjukehussektoren
- Å skjerme sjukehussektoren frå regjeringa sine flate ostehøvelkutt – den såkalla ABE-reforma
- Betre kapasitetsutnytting i dei offentlege poliklinikane, på ettermiddag og kveldstid
- Betre fødselsomsorg, jordmortenester og liggetid etter fødsel i samsvar med kvinnens situasjon.
- Ei kraftig styrking av tilboden innafor psykisk helsevern
- Nei til nedlegging av den spesialiserte rehabiliteringa i Mork og Aure
- Nei til å slå saman fødeavdelingane i Molde og Kristiansund før det nye SNR står klart
- Gode prehospitalte tenester i distrikta
- Ei styrking av lokalsjukehusa – og oppretthalding av tilbod fram til alternativ er klare. Vi aksepterer ikkje at tilbod lokalt blir lagt ned før nye står klare
- Ei kraftig IKT-satsing innafor sjukehusa
- Å gjere det lettare å investere i bygg og utstyr ved å auke lånedelen ved store sjukehusinvesteringar, slik at sjukehusa raskare kan realisere bygg og kjøpe inn medisinsk-teknisk utstyr
- Hvis Helse Møre og Romsdal får på plass de økonomiske forutsetninger for å bygge nytt sykehus for Nordmøre og Romsdal, må innholdet minst være summen av det tilbudet som sykehusene i Kristiansund og Molde hadde når vedtak om fellessykehus ble fattet.

3.1 Styring av sjukehusa

Møre og Romsdal Arbeidarparti er kritisk til måten helseføretaksmodellen har utvikla seg på sidan oppstarten. Skal ein oppnå betre kapasitet, betre kommunikasjon og betre kvalitet på behandlinga, er det nødvendig at spesialisthelsetenesta blir styrt på ein betre måte enn i dag. Primært meiner Møre og Romsdal Arbeidarparti at helseføretaksmodellen må avviklast. I dag eksisterer det ingen aktuell alternativ modell som vil gje betre tenester og styring utan å gå utover den nødvendige arbeidsroa dei tilsette i sjukehussektoren treng, og pasientane sine behov for føreseielege tilbod. Fram til ny modell er på plass, vil Møre og Romsdal Arbeidarparti arbeide for å forbetre situasjonen og styringa, langs følgjande linjer:

- Ein full gjennomgang av dagens helseføretaksmodell, med sikte på å finne alternative og meir demokratiske styringsmodellar
- Auka politisk styring av sjukehusa, og at dei samhandlar betre med primærhelsetenesta
- Ein kraftig reduksjon i statleg helsebyråkrati, færre leiarar i helseføretaka, og systematisk utvikling av gode leiarar i helsetenesta

Andre vedtak og uttalar i samfunnsspørsmål

1) Stans svelteforinga av justisektoren

Møre og Romsdal Arbeidarparti ser med uro på utviklinga i justisektoren i fylket. Både politi, domstolar og kriminalomsorg har fått budsjetta sine skore inn til beinet. Situasjonen i politidistrikta er no svært alvorleg, og utfordrar folk sin tillit til rettsstaten. Vi ser ei krise på etterforskingsfeltet, domstolar som stadig må kutte i tenestene, lange køar og eksplosjon i ventetid for offer for alvorleg kriminalitet. Møre og Romsdal er i tillegg blant dei regionane med færrest politiløft per innbyggjar. Møre og Romsdal Arbeidarparti viser til at politireforma ikkje var meint å vere ei sparereform. Ho skulle tvert om syte for at politidistrikta i landet kunne drive med sitt samfunnsoppdrag samtidig som etaten vart reformert. Dette har ikkje skjedd, og i tillegg har domstolane gjennom knallharde effektiviseringskrav fått redusert sin kapasitet.

Møre og Romsdal Arbeidarparti meiner det er behov for eit solid etterforskingssløft, ei kraftig styrking av ressurssituasjonen i politidistriktet, og ei styrking av bemanninga i domstolane. Dei stadige forsøka på nedlegging av tingrettane må stoppast. Det er behov for eit løft i kriminalomsorga, både til bemanning og drift, men òg til investering, for å vidareutvikle Hustad fengsel, og bygge nytt soningssenter på Sunnmøre.

2) Grøn omstilling og kamp mot klimaendringane

Møre og Romsdal Arbeidarparti meiner det er behov for eit taktskifte i klimapolitikken. Klimautfordringane eskalerer, og 1,5 gradersrapporten frå FN sitt klimapanel er eit alvorleg varsle om at det hastar å kutte utsleppa. Dersom arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar til

atmosfæren ikkje blir intensiverte, kan den globale oppvarminga kome ut av kontroll. Verknadane av ein varmare klode vil vere alvorlege. For å bremse desse er det nødvendig med ei omfattande omstilling av produksjonsmetodar og forbruksmønster. Møre og Romsdal Arbeidarparti meiner verkemidla som blir valde må gje reelle kutt i globale utslepp og ikkje koste meir enn nødvendig.

Omstilling vil gje lågare etterspurnad etter fossilt brensel, noko som på sikt vil påverke olje- og gassverksemda her heime; vi veit at desse ressursane ikkje er fornybare. Samtidig meiner Møre og Romsdal Arbeidarparti at det er eit stykke fram før norsk olje- og gassproduksjon ikkje er lønsam, og viser til at det på vegen mot det grøne skiftet kan bli aktuelt å gå via naturgass. I ein overgangsperiode vil norsk gass truleg spele ein viktig rolle.

Oljenæringa har spelt ei viktig rolle for Noreg i over 50 år, og næringa er særleg viktig i Møre og Romsdal. Etter kvart må vi også her innstille oss på at perioden med vidare vekst er over, og at aktiviteten gradvis skal ned, fordi andre næringar må vekse fram. Møre og Romsdal Arbeidarparti meiner likevel det er uklokt å forsere avviklinga av produksjonen på norsk sokkel, ikkje minst fordi andre tilbydarar vil stå klare til å ta over. Effekten på klimaet er derfor diskutabel, og det vil medføre store kostnadar for Noreg.

Møre og Romsdal Arbeidarparti vil arbeide for:

- Å bruke erfaringane frå olje- og gassverksemd til å gjere Noreg og Møre og Romsdal verdsleiande på næringsutvikling knytt til havet
- Å stille strenge krav til ytterlegare utsleppskutt frå olje- og gassverksemd, og at Noreg går i front på karbonfangst og -lagring
- Å stille strenge krav til oljeselskap, slik at meir av verdiskapinga blir igjen lokalt
- Eit nei til konsekvensutgreiing av petroleumsverksemd i Lofoten, Vesterålen og Senja
- At eventuelle løyper til ny petroleumsverksemd skal vere tufta på føre var-prinsippet og strenge krav til miljø og tryggleik
- At elektrisk kraft i endå større grad blir produsert miljøvenleg og berekraftig

3) Nei til avkorting av sosialhjelp

Møre og Romsdal Arbeidarparti meiner det bør innførast ein nasjonal regel som hindrar at barnetrygda fører til avkorting av sosialhjelpa.

4) Sirkulærøkonomi og marin forsøpling

Møre og Romsdal Arbeidarparti viser til at sirkulærøkonomi betyr at ein skal bort frå ideen om «bruk og kast», og at føremålet er at ressursane blir verande i økonomien, sjølv om produktet dei inngår i, ikkje lenger blir brukt til sitt opphavlege føremål. I ytste konsekvens tyder dette at avfall slik vi kjenner det i dag vil forsvinne, og heller blir sett på som framtidas råvare.

Møre og Romsdal Arbeidarparti meiner at satsing på sirkulærøkonomi vil kunne redusere både klimaavtrykket og auke jobb- og verdiskapinga. Det er nødvendig med tydelege nasjonale mål for avfallsførebygging, materialgjenvinning og gjenbruk i tråd med EU sin sirkulære økonomipakke. Det

er viktig at reguleringar, kompetanse, statistikk, FOU og innovasjon blir retta inn for å nå dette målet no.

Møre og Romsdal Arbeidarparti meiner det gir eit uheldig signal til både forbrukar og hushaldningane når det i kioskar, restaurantar og skular ikkje blir lagt til rette for kjeldesortering, men innbyggjarane sorterar heime. Møre og Romsdal Arbeidarparti vil difor arbeide for at det vert stilt krav til kommunar og næringsaktørar om å sortere og materialgjenvinne mat- og plastavfall.

Møre og Romsdal Arbeidarparti meiner at marin forsøpling og spreiling av mikroplast er eit raskt aukande miljøproblem nasjonalt og globalt. Det er behov for ein heilskapleg strategi mot dette, for å unngå problem for dyreliv og leveområde i havet, langs kysten, i vassdrag og i annan norsk natur. Møre og Romsdal Arbeidarparti meiner at det inn dei neste fem åra bør kome ei utfasing og forbod av produksjon og bruk av einskilde eingangartiklar av plast i Noreg. Vidare bør det snarast kome på plass eit forbod mot bruk av mikroplast i kosmetikk og tannpasta, samt andre artiklar som kan produserast meir miljøvennleg enn i dag. Noreg bør vidare ta ei internasjonal leiarrolle for å rydde plast i havet. «Fishing for litter» må innførast som ei permanent ordning, slik at både fiskebåtar og fritidsbåtar til ei kvar tid i ei kvar hamn vederlagsfritt kan levere inn marint avfall.

5) Fleire stolte fagarbeidrar

Møre og Romsdal Arbeidarparti vil sørge for utdanning av fleire stolte fagarbeidrarar. Faglege dyktige og sjølvstendige fagarbeidrarar med fast tilsetting er eit konkurransefortrinn for norsk næringsliv, og eit viktig bidrag til trygge og gode velferdstenester. Møre og Romsdal Arbeidarparti vil arbeide for:

- Eit kraftig løft for moderne og oppdatert utstyr i yrkesopplæringa
- Høgare lærlingtilskot, slik at opplæring i bedrift blir likestilt med opplæring i vidaregåande skule
- Meir praksis i yrkesopplæringa, og meir praksisnær teori
- Meir fleksible løp i fleire utdanningsprogram, der elevane får veksle mellom skule og arbeidsliv gjennom veka
- Eit nasjonalt forpliktande samarbeid mellom arbeidsliv, fylkeskommunar og staten for at alle yrkesfagelevar skal få læreplass
- Eit nasjonalt stipend for å få fleire fagarbeidrarar til å bli yrkesfaglærarar
- Meir praktisk læring allereie i barneskulen, for å vekke interessa for yrkesfaglege utdanningsretningar
- Betre yrkesrettleiing i grunnskulen, for å gje alle elevar kunnskap om ulike yrke
- At det skal verte lettare for elevar å byte frå studiespesialisering til yrkesfag
- Gode moglegheiter for fagarbeidrarar til å ta vidareutdanning ved fagskular, og bygge ned formelle hinder mot at fagarbeidrarar kan ta høgare utdanning, blant anna ved å opprette fleire y-vegar

6) Foreldrepermisjon og barselomsorg

Møre og Romsdal Arbeidarparti viser til at det er eit tverrpoltisk ønskje å legge til rette for fleire barnefødslar i Noreg. Noreg har i dag ei av verdas mest sjenerøse foreldrepermisjonsordningar, slik

at foreldre kan vere heime med barna i eit omfang som dei fleste foreldre elles i verda berre kan drøyme om. Derfor er det òg legitimt å grunngje delar av permisjonen med eit mål om auka likestilling.

Etter at Stortinget endra foreldrepermisjonen i 2018 har nokre foreldre reagert på manglande valfridom, og fleire parti som røysta for endringa er no skeptiske og vil vurdere ordninga på nytt. Møre og Romsdal Arbeidarparti vil gje si støtte til å evaluere effektane av dagens foreldrepermisjon, med mål om mest mogleg kunnskapsbasert politikk, utan utilsikta konsekvensar.

Samtidig vil Møre og Romsdal Arbeidarparti understreke betydinga av ei stor fedrekvote. Framleis er det behov for strukturelle endringar i form av moderat kvotering for å sikre at far skal ta foreldrepermisjon, noko erfaringar frå kvotereduksjon både i Noreg og våre naboland viser. Ei tredeling av foreldrepermisjonen er difor ei fornuftig fordeling, så lenge auka fedrekvote ikkje går på kostnad av mors permisjon, og fellesperioden til fri fordeling ikkje vert for liten. Tredeling av foreldrepermisjonen legg til rette for at begge foreldra deltek i barnas liv frå første leveår.

Møre og Romsdal Arbeidarparti vil samtidig jobbe for ein betre barselomsorg – med moglegheiter for lenger liggetid på fødeavdeling. Det må bli fleire jordmorårsverk i kommunane og betre oppfølging for mødre med komplikasjonar etter fødsel. Det må bli lettare å få sjukemelding i permisjonstida for dei med størst komplikasjonar. Møre og Romsdal Arbeidarparti vil jobbe for at alle får barnehageplass når dei treng det, betre foreldrepermisjonsordningar for studentar, og tetting av hòla i dagens ordning som gjer at far ikkje kan vere heime med barnet på sjølvstendig grunnlag, men er avhengig av mors arbeidssituasjon. Møre og Romsdal vil vidare jobbe for ein meir sosial bustadpolitikk og tryggleik for fast arbeid for å gjere det mogleg å etablere seg og stifte familie i ung alder.

7) Ein sosial bustadpolitikk

Bustad er, ved sida av arbeid, utdanning og helse, det viktigaste for folk si velferd. For Møre og Romsdal Arbeidarparti er det avgjerande at folk har ein god og trygg stad å bu til ein overkomeleg pris. Langt over hundre tusen menneske er vanskelegstilte i dagens bustadmarknad, særleg krevjande er det for ungdom, kvinner i små og midlertidige stillingar, og personar med fleirkulturell bakgrunn. Det er derfor behov for ein meir sosial bustadpolitikk for å inkludere fleire.

Møre og Romsdal Arbeidarparti vil arbeide for:

- At startlån blir tilgjengeleg for ungdom som eigenkapital, og vurderast etter inntekt og formue
- Å sikre barnefamiliar kontinuitet i butilhøve i kommunale bustadar
- Familievenlege kommunale bustadar som sikrar born trygge og gode oppvekstvilkår
- At kommunale bustadar ikkje blir konsentrerte til ein stad, men spreidde rundt om i kommunane
- Ei lovfesting av retten til varig tilrettelagd bustad for vedvarande bustadslause
- At fleire kommunar brukar leige-til-eige-modellen som del av den sosiale bustadpolitikken
- Innføre rett til leige-til-eige med finansiering gjennom Husbanken for vanskelegstilte i bustadmarknaden

- Etablere fleire ikkje-kommersielle utleigebustadar
- Stille tomter klare for studentbustadbygging nær utdanningsinstitusjonane i fylket

8) Utstyrsbibliotek

Møre og Romsdal Arbeidarparti vil jobbe for at fleire av kommunane i fylket skal tilby offentleg drivne utstyrsbibliotek, der barn og unge kan gratis låne utstyr til fysisk aktivitet og idrett. Dette vil gi fleire moglegheita til å delta i idrett og aktivitetar, og vere eit bidrag for ein sunn og aktiv oppvekst for alle.

9) Nei til innstramming av abortlova

Møre og Romsdal Arbeidarparti viser til arbeidarrørsla sin lange og stolte historia i kampen for sjølvbestemt abort. Vi meiner prinsipielt at det er kvenna sjølv som skal avgjere om ein abort skal kunne utførast eller ikkje. Arbeidarpartiet må stå som garantist for at denne retten ikkje blir uthola.

Møre og Romsdal Arbeidarparti meiner abortlova slik ho var før svekkinga høgreregjeringa legg opp til - balanserer omsynet til kvenna på den eine sida og vernet om fosteret på den andre sida, på ein god måte. Møre og Romsdal Arbeidarparti vil derfor ikkje utvide åtgangen til sjølvbestemt abort utover 12.veke. Samtidig vil vi arbeide aktivt mot alle forslag om innskrenkingar i kvenner sin rett til sjølvbestemt abort. For Møre og Romsdal Arbeidarparti er det vidare heilt avgjerande at kvenner som vurderer abort skal behandlast likt over heile landet.

Møre og Romsdal Arbeidarparti vil arbeide for at fleire gravide kvenner skal få tilbod om fosterdiagnostikk gjennom det offentlege helsevesenet.

Møre og Romsdal Arbeidarparti meiner tida no er inne for ei evaluering av dagens system med abortnemnd, med sikte på å erstatte dette systemet med meir tidsriktige, og mindre belastande ordningar.

10) Realisering av ferjefri E39

Møre og Romsdal Arbeidarparti vil arbeide for at ferjefri E39 blir realisert, med gode vegar i heile fylket. Like viktig som fjordkryssingane er at vegane mellom desse blir rusta opp til moderne og framtidsretta standard. Møre og Romsdal Arbeidarparti vil arbeide for å ta i bruk ny teknologi og metodar for effektivisering og innovasjon, slik at det er mogleg å få meir veg att for kvar krone. Vi vil også legge til rette for gode kollektivtilbod i fylket, som gjer det mogleg å ta heile fylket i bruk. Det vil bidra til at fleire kan bu og arbeide der dei ønskjer.

11) Ta vare på kystlandbruket

Noreg brukar store ressursar på å verne regnskog og myr internasjonalt, mellom anna i Indonesia. Òg i Noreg er det behov for å redusere nedbygging av myr, i eit klimaperspektiv. 5 % av dei

menneskeskapte utsleppa globalt er på grunn av øydelagde myrområde, og myrdyrking aukar såleis utsleppa samtidig som det hindrar myra sin viktige funksjon som lager for CO₂.

På same tid finst det mange gardsbruk i område der myr er einaste reelle produksjonsareal, og eit generelt forbod mot nydyrkning av myr vil derfor kunne gå dramatisk utover moglegheitene for å drive landbruk langs kysten, eksempelvis vil Smøla kunne bli hardt ramma. I denne saka må klima- og landbruksomsyn vegast mot kvarandre for å finne ei løysing som ivaretak klimaet utan at det fører til utarming av kystlandbruket. Møre og Romsdal Arbeidarparti vil derfor arbeide for at dersom nydyrkning av myr blir forbode, så må det eksistere gode nok dispensasjonsåtgangar lokalt. Slik at dei gardsbruka som ikkje har andre dyrkingsressursar kan søke og få innvilga dispensasjon som sikrar vidare utvikling av driftsgrunnlaget.

12) Offentleg innkjøpspolitikk

Møre og Romsdal Arbeidarparti meiner det må stillast sterkare krav til eit seriøst arbeidsliv gjennom den offentlege innkjøpspolitikken. Det må i samband med konkurranseutsetting stillast krav til at ein ikkje skal ha einsidig prisfokus, samt krav til at dei som skal levere tenester til det offentlige har pensjonsordning, lærlingar, ordna arbeidstilhøve og landsomfattande tariffavtale.

13) Kamp mot hatkriminalitet og ekstremisme

Møre og Romsdal Arbeidarparti vil arbeide for at det ikkje blir gitt statsstøtte til organisasjonar som aktivt fremjer hatpropaganda og diskriminering. Vi vil arbeide for auka ressursar til straffeforfølging av ulovlege hattringar og hatkriminalitet. Vi vil arbeide for at skulane skal fokusere meir på å førebyggje radikalisering og valdeleg ekstremisme, og at dette må bli ein naturleg del av pensum.

14) Ei miljøvennlig cruise-næring

Cruise er viktig for næring, reiseliv og verdiskaping, samtidig må vi stille krav til miljøtiltak for å få ned utsleppa. Skal cruise vere ei viktig næring òg i framtida, må utviklinga vera framtidsretta - strengare, nasjonale utsleppskrav og elektrifiserte hamner vil vera avgjerande. Når hamnene samarbeider om en felles politikk, har vi langt større muligheter for å få til endring. Det må ikkje vere mogleg for forureinande skip å sette kurs til hamner med lavare miljøkrav. Norge treng felles miljøstandard i cruisepolitikken. Ved å stå samla kan vi tvinge fram eit raskere grønt skifte i cruise- og skipstrafikken. Det vil også påvirke ei raskere omstilling internasjonalt.

15) Atomvåpen-forbud

Møre og Romsdal Ap vil at Norge skal undertegne og ratifisere FN-traktaten som forbyr atomvåpen, og i påvente av dette ønske den velkommen og delta som observatør på statspartsmøtene.

16) Migrasjon

Møre og Romsdal Arbeiderparti vil:

- At Norge ikke legger til rette for brudd på menneskerettigheter og flyktningkonvensjonen gjennom avtaler med tredjeland for å hindre at asylsøkere kommer til Norge
- At Norge ikke inngår, eller støtter, returavtaler med land som har grove brudd på menneskerettighetene
- At solidaritetspotten skal komme i tillegg til bistandsbudsjettet, ikke innenfor samme økonomiske ramme
- At mindreårige asylbarn sine søknader prioriteres, og skal vurderes innen 3 måneder
- At Norge forplikter seg til å ta imot det antall kvoteflyktninger FNs høykommissær for flyktninger ber om

17) Byvekstavtaler

Skal vi nå vi nå våre nasjonale og lokale klimamål, må også mellomstore norske byer få byvekstavtaler. De fem byregionene - Bodø, Ålesundregionen, Haugalandregionen, Arendal-Grimstad og Vestfoldbyen- med til sammen 500 000 innbyggere - må også bidra til det grønne skiftet i areal- og transportpolitikken. Arbeiderpartiet regionalt og nasjonalt må gå i front i dette arbeidet.